



STIFTELSEN BERGENS SJØFARTSMUSEUM  
Postboks 7800  
5020 BERGEN

Dato: 07.06.2018  
Vår ref.: 2018/10423-16  
Saksbehandlar: wengaus  
Dykkar ref.:

Att. Per Kristian Sebak

## Bergen Sjøfartsmuseum - invitasjon til konsertsamarbeid - "Migrasong - tonane dei bar med seg over havet"

Hordaland fylkeskommune og Museumssenteret i Hordaland, Vestnorsk Utvandrarsenter har etablert eit samarbeid om produksjon og gjennomføring av framsyninga «MIGRASONG – tonane dei bar med seg over havet».

Fylkesmusikar i Hordaland, Reidun Horvei hadde ideen til programmet, basert på utvandringa frå Hordaland til Amerika på slutten av 1800-talet. Ho har, i samarbeid med regissør Jan F. Öqvist, og seinare Tore Nysæter, laga eit flott manus på grunnlag av eit rikt historisk materiale.

Me fylgjer utvandrarane si reise frå små bygder i Hordaland: først til Bergen, så vidare til Hull i England, med tog til Liverpool og så over Atlanteren til det lova landet, Amerika. Bagasjen skulle ikkje vega meir enn 75 kg, men songane dei bar med seg vog ingen ting, og for mange var songen og musikken det kjæraste dei hadde. Nordmenn slo seg ned i einsemda på prærien eller flokka seg i små lokalsamfunn. Dei hegna om språket og eigne levemåtar, dei slapp ikkje taket i sin eigen kultur. Dei heldt saman. Gjennom sjøfart og folkevandring vart songen spreidd, før som no. Frå heile verda der menneska kjem i kontakt med kvarande oppstår det nye songar.

Medverkande i framsyninga er:

Reidun Horvei, songar og forteljar

Øyvind Lyslo, gitarar, diverse strengeinstrument

Per Inge Hove, trøorgel

Tore Nysæter er regissør og Steffen André Hagen er ansvarleg for biletspelen.

Øyvind Lyslo og Per Inge Hove har utarbeidd dei musikalske arrangementa.

Den 11. februar 2018 hadde «MIGRASONG – tonane dei bar med seg over havet» premiere på Vestnorsk Utvandrarsenter, i Emigrantkyrkja på Radøy. Deretter la ensemblet ut på turné med ti framsyningar på ulike stadar i fylket vårt. Fleire kommunar og lokale arrangørar ønskjer å samarbeide med Hordaland fylkeskommune om konsertframsyninga og har allereie fastsett dato.

Vi vil tilby konserten til **Bergen Sjøfartsmuseum** -

Dato: **Torsdag 13. september** (arrangør vel klokkeslett)

Arrangør må gjerne invitere lag og organisasjonar med på gjennomføringa av arrangementet.

Utgiftene vert delt mellom Hordaland fylkeskommune og lokal arrangør.

Fylkeskommunen utformar programhefte, trykker plakatar, held honorar, diett og overnatting for utøvarane. Arrangør betalar ein fast eigenandel på kr. 10.000.- til Hordaland Fylkeskommune i etterkant av arrangementet.

Billettinntektene og eventuell stønad (sponsormidlar m.v.) går til arrangøren.

Har de spørsmål? Ver vennleg å kontakte Wenche Gausdal, 55 32 74 72 eller 976 87 636.

Dersom invitasjonen til konsertsamarbeid er av interesse, ber vi dykk om å signere vedlagte samarbeidsavtale og sende denne attande til:

Hordaland fylkeskommune, kultur- og idrettsavdelinga  
Att: Wenche Gausdal  
Postboks 7900  
5020 Bergen  
eller pr. e-post: [wenche.gausdal@hfk.no](mailto:wenche.gausdal@hfk.no)

**SVARFRIST: 28.06.18**

Me vonar på eit godt samarbeid!

Med venleg helsing

---

Ronny Skaar  
Utviklingssjef/sekjonsleiar

---

Reidun Horvei  
Fylkesmusikar i Hordaland

2 vedlegg:

Samarbeidsavtale – i to eksemplar. Arrangør signerer og returnerer til HFK.  
Informasjonsskriv om «MIGRASONG – tonane dei bar med seg over havet»